

Utval: Samferdselsutvalet**Møtestad:** 17.09 - Møterom 367 Fylkesutvalsalen, 16.09 Hotel Admiral - 17.09 Fylkeshuset, Bergen**Dato:** 16.09.2014**Tidspunkt:** 11:00-15.20**Følgjande faste medlemmer møtte:**

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-----------------------|-----------|---------------|
| Anne-Line Innvær | Medlem | A |
| Helge Nævdal | Medlem | A |
| Øyvind Hardeland | Medlem | A |
| Gustav Bahus | Leiar | FRP |
| Inger Signe Ulvund | Medlem | FRP |
| Einar Lutro | Medlem | H |
| Eli Årdal Berland | Medlem | H |
| Stein Inge Ryssdal | Medlem | H |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Pål Kårbø | Medlem | KRF |
| Jostein Ljones | Medlem | FL SP/MDG |
| Tom Skauge | Medlem | FL SV/R |
| Alf Helge Greaker | Nestleiar | V |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|----------|---------------|
| Iiril Schau Johansen | Medlem | H |
| Atle Kvåle | Medlem | A |

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------------------|----------------------|---------------|
| Svein Halleraker | Iiril Schau Johansen | H |
| Torill Helland | Atle Kvåle | A |

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------------|---------------------------|
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør samferdsel |
| Rolf Rosenlund | Seksjonsleiar |
| John Martin Jacobsen | Seksjonsleiar |
| Oddmund Sylta | Direktør Skyss |
| Olav Finne | Statens vegvesen |
| Kaisa Banne | Statens vegvesen |

Sakliste

| Utvals- saknr | Innhald | Arkiv- saknr | U.Off. |
|------------------|---------------------------------------|-----------------|--------|
| PS 78/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |

| | | |
|--------------|---|------------|
| PS 79/14 | Godkjenning av møtebok forrige møte | |
| PS 80/14 | Referatsaker (Meldingar) | |
| RS 91/14 | Status reguleringsplan for Fv 550 mellom Kråkevik og Syreflot - Ullensvang herad | 2014/19360 |
| RS 92/14 | Status reguleringsplan fv. 550 mellom Kråkevik og Syreflot | 2014/19360 |
| RS 93/14 | Melding - Svar på oversendingsspørsmål om nye konflikter mellom sykkel og bil. | 2014/64 |
| RS 94/14 | Reasfaltering av Hegglandsdalvegen i Os kommune - Svar på oversendingsforslag | 2014/19051 |
| RS 95/14 | Vegprosjekt i Fyllingsdalen | 2014/17658 |
| RS 96/14 | Høyring av utkast til ny lospliktføreskrift og endring av føreskriftene under losloven | 2014/18994 |
| RS 97/14 | Bompengeprosjekt - ny vurdering av kalkulasjonsrente | 2014/20686 |
| RS 98/14 | Tiltak for å hindra oppstuing av sørgående trafikk på Danmarks plass | 2014/240 |
| RS 99/14 | Opne kollektivdata | 2014/240 |
| RS 100/14 | Depotstrategi | 2014/240 |
| RS 101/14 | Vegprosjektet Arefjord - Storskardet i Fjell kommune | 2014/240 |
| PS 81/14 | Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte | 2014/16034 |
| PS 82/14 | Kollektivfelt på innfartsåranene | 2014/20374 |
| PS 83/14 | Takstsøknad Askøypakken - uttale | 2014/19794 |
| PS 84/14 | Trolleybusdrift i Bergen - vegen vidare | 2014/19198 |
| PS 85/14 | Forskottering fylkesvegar - utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav | 2014/19991 |
| PS 86/14 | Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland | 2014/15892 |
| PS 87/14 | Ymse | |

PS 78/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Vedtak

Sakliste og innkalling vart godkjent.

PS 79/14 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Vedtak

Møteboka frå møte den 20. august 2014 vart godkjent.

PS 80/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Tom Skauge hadde merknad til fylgjande meldingar.

RS 93/14

SV ber SVV ha stor merksemd på dei to kryssingspunkta mellom bil og sykkel som er utreda i saka med sikte på tiltak dersom ulukker vert registrert.

RS 95/14.

SV tek sterk avstand frå planane om å leggja ein Ringveg Øst via Fyllingsdalen.

RS 98/14.

Viktigaste tiltak for å hindra oppstuing over Danmarks plass er å gje kollektivtrafikken eit eige felt i begge retningar.

RS 91/14 Status reguleringsplan for Fv 550 mellom Kråkevik og Syreflot - Ullensvang herad

RS 92/14 Status reguleringsplan fv. 550 mellom Kråkevik og Syreflot

RS 93/14 Melding - Svar på oversendingsspørsmål om nye konflikhtar mellom sykkel og bil.

RS 94/14 Reasfalttering av Hegglandsdalvegen i Os kommune - Svar på oversendingsforslag

RS 95/14 Vegprosjekt i Fyllingsdalen

RS 96/14 Høyring av utkast til ny lospliktføreskrift og endring av føreskriftene under losloven

RS 97/14 Bompengeprosjekt - ny vurdering av kalkulasjonsrente

RS 98/14 Tiltak for å hindra oppstuing av sørgående trafikk på Danmarks plass

RS 99/14 Opne kollektivdata

RS 100/14 Depotstrategi

RS 101/14 Vegprosjektet Arefjord - Storskardet i Fjell kommune

RS 102/14 Vedk. anbod på ferjer

PS 81/14 Odda Vegfinans AS - søknad om driftsstøtte

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Einar Lutro stilte spørsmål om habiliteten sin som styremedlem i Odda Vegfinans AS.

Røysting

Utvalet fann samrøystes at Einar Lutro var ugild.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet løyver kr 75 000 til Odda Vegfinans AS til drift av selskapet i 2014.
Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Konto 10 120 930 00 14700 Ymse tilskot aukar med kr. 75.000

Konto 10 720 200 00 14700 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr 75.000

PS 82/14 Kollektivfelt på innfartsårane

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Tom Skauge sett på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til ny innstilling.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram forslag til innføring av kollektivfelt på firefelts innfartsårer til Bergen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 7 røyster.

Tom Skauge sitt forlag til innstilling fekk 6 røyster (SV, A, SP, KRF) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet ser at det er naudsynt med større grad av kollektivprioritering på innfartsårane dersom ein skal nå mål om endra reisemiddelfordeling i Regional transportplan. Fylkesutvalet ser likevel at det er behov for å vente på evaluering av sambruksfeltet som skal etablerast i Fjøsangerveien, før kollektiv- eller sambruksfelt kan vurderast på nordre og vestre innfartsåre.

PS 83/14 Takstsøknad Askøypakken - uttale

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelige takstane frå bompengesøknaden og St. prp 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Alf Helge Greaker og Inger Ulvund reiste spørsmål om habiliteten sin som styremedlemmer i Askøy bompengeselskap AS

Røysting

Utvalet fann samrøystes at Greaker og Ulvund var ugilde

Tor Turøy kom inn som varamann for Alf Helge Greaker.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelege takstane frå bompengesøknaden og St. prp 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

PS 84/14 Trolleybussdrift i Bergen - vegen vidare

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.15 og fram til ny anbudskontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløyning for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbudskontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtaks punkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinja mot Sædalen. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg.
6. Vurdering om ytterlegare utbygging av trolleybussnettlet eller satsing på batteribussar vert vurdert på eit seinare tidspunkt basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Tom Skauge sette på vegne av SV, A, SP, KRF fram forslag til endra pkt 2, 5 og nytt pkt 7.

Ny 2. setning i pkt 2.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybusslinje 2 frå Indre Sædal til Oasen med sikte på byggjing frå 2015.

Endra pkt 5

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje fram plan og kostnadsoverslag for ei utvida trolleybussatsing i tråd med forslaga i moglegheitsstudien side 6-7.

Nytt pkt 7

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggje inn plan for utbygging av trolleybuss i framlegg til ny bymiljøavtale.

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til endra pkt 5 og 6.

5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinjer i mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Tom Skauge sitt forslag til endra pkt i innstillinga fekk 6 røyster (SV, A, SP, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til endra innstilling vart vedteke med 8 røyster (V, H, FRP).

Innstilling

1. Fylkesutvalet vurderer at elektriske bussar bør spele ei sentral rolle i Bergen i framtida, for å gje lågast mogleg utslepp frå bussane. Det viktigaste miljøbidraget vil likevel vere å få fleire til å reise kollektivt.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei vidare satsing på trolleybussdrift i Bergen også etter 01.01.15. Det vert lagt til rette for drift av trolleybuss på dagens nivå i perioden frå 01.01.15 og fram til ny anbuds kontrakt for Bergen sentrum vert sett i drift (2018, 2019 eller 2020 avhengig av opsjonsutløysing for eksisterande kontrakt).
3. Det vert lagt til rette for at dagens linje 2 i andre generasjons anbuds kontrakt for Bergen sentrum skal driftast med berre trolleybussar. Fylkeskommunen kjøper inn tilstrekkeleg tal nye trolleybussar som vert leigd vidare til operatør.
4. Gjennomføring av vedtakspunkt 3 føreset at det vert inngått avtale med Tide Buss om overtaking av infrastruktur og at det vert inngått avtale med Bybanen AS om drift og vedlikehald av infrastrukturen. Avtale om kjøp av infrastruktur vert fremja som eiga sak for fylkestinget.
5. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen utgreie nærare ei forlenging av trolleybusslinjer mot Sædalen, Nesttun og Laksevåg.
6. I utgreiinga skal moglegheita for å få finansiering for forskings- og utviklingsprosjekt knytt til batteridrift for den nye strekninga mellom Sædalen og Birkelundstoppen inngå som mogleg alternativ til kontaktledningsanlegg. Satsing på kombinasjonsløysingar med trolleybussar og/eller andre e-bussløysingar vert vurdert på eit seinare tidspunkt, basert på erfaringane frå ei eventuell forlenging til Sædalen.

PS 85/14 Forskottering fylkesveggar - utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav

Forslag til innstilling:

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsipp sak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkjefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkjefølgjekrav for private utbyggjar som gjeld fylkesveggar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/ bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/ bygging i løpet av 10-20 år, er fylkeskommunal forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa til 15 mill kr i samsvar med Regional Transportplan.

5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av H, FRP, V fram forslag til nytt pkt 4.

4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional Transportplan.

Fylkesrådmannen v/fylkesdirektør samferdsel endra innstillinga ved å ta ut ordet «fylkeskommunal» i pkt 3.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1-3 og 5 og 6 vart samrøystes vedteke. Stein Inge Ryssdal sitt forslag til nytt pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsipp sak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. Rekkefølgjekrav for private utbyggjar som gjeld fylkesveggar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylla utan fylkeskommunal løyving.
2. Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/ bygging, uavhengig av utbygginga.
3. Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/ bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.
4. Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional Transportplan.
5. For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.
6. Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.

PS 86/14 Takstregulativ for kollektivtransporten i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstretgi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført gradvis.
3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Anne-Line Innvær sette på vegne av A, SV, KRF fram forslag til ny innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkesutvalet ber om utredning på modell for 3 soner og 6-8 soner. I tillegg må det utarbeidast eit kostnadsoverslag på harmonisering av busstakst kontra tog på strekninga Voss-Bergen. Ettersom ferje-og båtruter ikkje er omfatta av 1-sone, skal desse ikkje vurderast i samband med eventuelt kutt. Kr 38 for ein-skildbillett i 1 sone er uaktuelt.
3. Takstregulativ for buss og bybane vert utsett til budsjettmessige konsekvensar er avklara.

Stein Inge Ryssdal sette på vegne av Frp, H, V og Sp fram forslag til ny innstilling.

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført.
3. Takstregulativ for buss og Bybane vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram for samferdselsutval og fylkesutval, korrigerede kostnadstal for å innføre taksone:

- modell 1, modell 2/2a (som i sak 54/14)
- 3 og 6-8 soner.

Tala må syne innetektstap for ingen, til moderat prisauke enkelttakst.

Tom Skauge sette fram oversendingsforslag.

Fylkesutvalet ber administrasjonen leggja fram sak om innfasing av 1-sonemodell med alternativ finansiering enn prisauke i Bergensregionen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag til ny innstilling vart vedteke med 9 røyster (H, FRP, V, SP).

Anne Line Innvær sitt forslag til ny innstilling fekk 6 røyster (A, SV, KRF) og fall.

Oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker vart vedteke med 9 røyster (H, FRP, V, SP, SV).

Oversendingsforslaget frå Tom Skauge fekk 5 røyster (SV, A) og fall.

Innstilling

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel jf "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".
2. Fylkestinget sitt vedtak om forenkla sonestruktur vert innført.
3. Takstregulativ for buss og Bybane vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker.

Samferdselsutvalet ber fylkesrådmannen legge fram for samferdselsutval og fylkesutval, korrigerede kostnadstal for å innføre taksone:

- modell 1, modell 2/2a (som i sak 54/14)
- 3 og 6-8 soner.

Tala må syne innetektstap for ingen, til moderat prisauke enkelttakst.

PS 87/14 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Møte i utvalet gjekk over to dager. Fyrste del av dag 1 var sett av til seminar om innfartsparkering. Det var deretter 2 orienteringar/synfaringar. Overnatting på Clarion Hotel Bergen Airport. Dag 2 starta med orientering/synfaring før møte i utvalet på fylkeshuset.

ORIENTERINGAR

Bybanen byggjetrinn 3

Prosjektleder Roger Skogli orienterte om prosjektet. Synfaring langs traseen med buss. Prosjektet vert ferdig medio 2016.

Utbyggjinga på Flesland

Avinor v/flyplassjef Aslak Sverdrup og prosjektleder Alf Sognefest orienterte om utbyggjinga av flyplassen med nytt terminalbygg og andre anlegg på området. Det vart og orientert om framtidige planar for utvikling av området og trafikkprognosar. Prosjektet vert ferdig i 2017.

Ringveg Vest

Prosjektleder Sverre Ottosen og kontraktsansvarleg Jon Ove Bjørge orienterte om prosjektet. Det var deretter synfaring i tunnelen og på anleggsområdet ved Liavatnet. Opning hausten 2015.

Tyssetunnelen

Olav Finne orienterte om prosjektet. Gjorde greie for problema med massane i anlegget som er hovudårsaka til at kostnadane har auka vesentleg. Det har vore mangelfulle grunnundersøkingar. Utfyllinga i Frølandsvatnet har gjeve større kostnader enn føreset. Fundamenteringa av Frøland bru har og gjeve meirkostnader. Samla kostnadsauke er på minimum 110 mill kr. I tillegg er det ein tvist med entreprenøren om 20 mill kr. Prosjektet skal evaluerast når det er slutført. Opning juni/juli 2015.

Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande:
Skuleskyssoppstart,- aktuelle problemstillingar.
Ferjestatistikk per august 2014.

YMSE

Tom Skauge sette fram fylgjande spørsmål.

Auka inntekter i bomringen

I gjeldande bompengesøknad vart takstane dobla. I søknaden heiter det at takstauken ville få ned trafikken. Ein trudde på ein reduksjon på 10% i 2013. Etter dette kan Bergen få ein vekst på ein prosent i året frem til 2025. Ein stans i trafikkauken i Bergen har vore ein føresetnad for å få utløyst årlige statlige midlar til mellom anna bygging av Bybanen. Bergenspressen har hatt tal som syner at prisauken ikkje fekk nedgang som venta.

1. Kor stort er avviket frå søknaden i talet på bilar, % bilar og i inntekter?
2. Korleis er den demokratiske prosessen for å drøfte bruk av desse friske inntektene?
3. Bergensområdet har stor mangel på investeringsmidlar til trafikk sikring og til infrastruktur for utvida trolleybuss. Vil administrasjonen legge fram sak der slik bruk av ekstraintektene vert drøfta?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Trafikkfelle i Møllendalsvegen

Vegstyresmaktene har sett opp vern av fotgjengarar på eit strekk langs Møllendalsveien i Bergen. Farten for bilar er og sett ned til 30 k/t. Dette er ei prisverdig vern av mjuke trafikantar etter innflytting i studentblokka like ved.

Frå den godt beskytta gangvegen manglar det no vel 50 meter til gang- og sykkelvegen rundt Store Lungegårdsvann. Eit fotgjengarfelt fører folk til andre sida, slik at inngang til gang- og sykkelvegen kjem i ein lite oversiktleg sving ved BiR sitt anlegg.

1. Er administrasjonen og vegstyresmaktene kjent med trafikkfella i Møllendalsvegen?
2. Kan HfK og eller SVV ta eit initiativ til mellombels lån av areal til samanhengande gang- og sykkelveg på strekket?
3. Kva planar og pengar føreligg for å gjere ferdig ein samanhengande gang- og sykkelveg rundt Store Lungegårdsvann?

Håkon Rasmussen opplyste fylgjande:

Møllendalsvegen er kommunal veg og tiltak på denne er planlagt og gjennomført av Bergen kommune. Kommunen arbeidar med planar for samanhengande gang- og sykkelveg rundt store Lungegårdsvann.

Regjeringa sin kollektivstrategi om Bybane til Åsane

Regjeringa har laga Handlingsplan for kollektivtransport. Under punktet om «Statleg investeringstilskot til fylkeskommunale infrastrukturtiltak for kollektivtransport» er Bybane til Åsane lista opp som eit viktig tiltak. Men det heiter også i teksten «Det skal ikkje planleggjast for unødig fordyrande løysningar».

1. Korleis tolkar administrasjonen dette utsegnet i høve til alternativa for Bybanetrase.
2. Gir Kollektivmeldinga grunnlag for eit nytt initiativ frå HfK mot Bergen kommune ettersom det er HfK som betalar for traseen?

Håkon Rasmussen opplyste fylgjande.

Fylkeskommunen har ikkje noko eige synspunkt på departementet si vurdering av finansieringsmogelegheitene for Bybanen mot Åsane, og kva innverknad det har for trasevalg. Administrasjonen arbeidar tett med Bergen kommune for å få fortgang på planarbeidet, i henhold til Bystyret sitt vedtak, både i retning mot Åsane og mot Fyllingsdalen.

Pål Kårbø stilte fylgjande spørsmål.

Status for arbeidet med gang og sykkelveg – fylkesbudsjettet for 2015 Fv 107 Sætveithagen bustadfelt – Jondal sentrum

Hordaland KrF er oppteken av å finna ei løysing slik at arbeidet med gang- og sykkelveg frå Sætveithagen bustadfelt til Jondal sentrum kan realiserast. Vegstykket er om lag 1 km. Fv 107 er delvis smal og ikkje forsvarleg for gåande eller syklende born, samstundes som tunge kjørety trafikkerer vegen.

Grunngjevinga vår er følgjande:

1. Trafikken har auka monaleg sidan opninga av Jondalstunnelen til og frå ferja. Trafikktalet for tunnelen frå juni / juli 2014 syner auke på over 6% i år i høve til same periode i fjor. ÅDT for juli 2014 er utrekna til 741.
2. Jondal kommune har innvilga skuleskyss p.g.a. "farleg skuleveg". Dette er uheldig for borna når det gjeld å innarbeida gode vanar ved å bruka sykkel eller gå til og frå skulen.
3. Fylkesmannen har kome med motsegn når det gjeld å utvida bustadfeltet med nye tomter før det er bygd gang- og sykkelveg. Dette set kommunen i ein vanskeleg situasjon når det gjeld tilbod om nye bustadtomter.

4. I fylkeskommunen sin miljøplan er det og peika på at gang- og sykkelveggar lokalt er miljøvern i praksis.

Kvar står denne saka?

Kan noko gjerast for å få fortgang?

Olav Finne gav fylgjande orientering.

Reguleringsplan for Jondal ferjekai var i utgangspunktet tenkt å ta med seg også denne strekninga. Ambisjonsnivået i planen vart redusert til ferjekaia. Av hensyn til plass og kostnader er det beslutta å anbefale overføring av mjuke trafikantar til kommunal veg som går parallelt med fylkesvegen. Det føreligg nye fartsgrensevedtak både for Jondal sentrum og Sætveithagen som har vore på høyring. Det er midlar til å sette opp nye skilt på byggeprogrammet i år. I Jondal sentrum vert det sett opp fartshumpar, men det vert ikkje gjort i Sætveithagen pga stigningsforhold. Der vert kun farten sett ned no.

Større tiltak for Jondal – Sætveithagen er ikkje på planstadiet før det eventuelt ligg ein finansieringsplan bak. Det er dårleg plass langs vegen til å utvide og bygge gang- og sykkelveg. Eit slikt tiltak vil difor verte kostbart. Dei tiltaka som no vert utført vil betre situasjonen i dag, så SVV vil truleg ikkje anbefale at tiltaket kjem inn i RTP i neste periode.